



Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3.etg., Fylkeshuset
Dato: 18.06.2014
Tidspunkt: 10:15-14:50

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margot Bertheussen	Leiar	PF
Kåre Ystanes	Nestleiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Anne-Karin Davidsen	Medlem	LOP
Arne Gunnar Trædal	Medlem	FSF
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Dagfinn Vik	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Helene Jensen Lien	1. konsulent, regionalavdelinga
Birte Markeseth Aasen	Seksjonsleiar, administrasjonsavdelinga
Joachim Vabø Bratland	Lærling, IT-seksjonen
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, administrasjonsavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 17/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 18/14	Godkjenning av sakliste		
PS 19/14	Referatsak (meldingar)		
RS 19/14	Oversikt økonomi, per 06014	2014/557	
RS 20/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai	2014/1527	
RS 21/14	Referat FYEL-AU - 160514	2014/557	
RS 22/14	Brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland - 290514	2014/557	
RS 23/14	Rutine for sekretariatsfunksjon for RMNF, FYEL og UFU/UFT	2014/12384	
RS 24/14	Busstopp ved Ulset sykehjem	2014/557	
RS 25/14	Informasjon til eldrerådet i Bergen angående busstopp ved Ulset sjukeheim	2014/557	
PS 20/14	Referat frå møtet 090414	2014/557	
PS 21/14	Regional plan for attraktive senter - uttale	2014/557	
PS 22/14	Mandat for fylkeseldrerådet	2014/557	
PS 23/14	Betaling for enkeltrom på Island	2014/557	
PS 24/14	Tema eldrerådskonferanse 2014	2014/557	
PS 25/14	Evaluering av studieturen til Island og tanker om neste års Vestlandssamling	2014/557	
PS 26/14	Landskonferansen 2014 for fylkeseldreråd - evaluering	2014/557	
PS 27/14	Ymse		

PS 17/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjente møteinnkallinga.

PS 18/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjente sakslista.

PS 19/14 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

RS 22/14 Brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland: Fylkeseldrerådet vedtek at arbeidsutvalet skriv eit utkast til svar til Pensjonistforbundet i Hordaland på bakgrunn av innspela i rådsmøtet. Utkastet vert sendt ut til medlemmane for kommentarar før det vert sendt offisielt.

RS 19/14 Oversikt økonomi, per 06014

RS 20/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai

RS 21/14 Referat FYEL-AU - 160514

RS 22/14 Brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland - 290514

RS 23/14 Rutine for sekretariatsfunksjon for RMNF, FYEL og UFU/UFT

RS 24/14 Busstopp ved Ulset sykehjem

RS 25/14 Informasjon til eldrerådet i Bergen angående busstopp ved Ulset sjukeheim

PS 20/14 Referat frå møtet 090414

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet godkjenner møteboka frå 090414.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjente møteboka frå 090414.

PS 21/14 Regional plan for attraktive senter - uttale

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein uttale basert på innspela i møtet.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein uttale basert på innspel frå medlemmane som vert sendt inn innan 15. august.

PS 22/14 Mandat for fylkeseldrerådet

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Birte Markeseth Aasen var til stede under møtet og informerte rådet om saka.

Vedtak

Fylkeseldrerådet ynskjer å kome med følgjande endringar til mandatet til rådet slik det føreligg frå administrasjonen:

I tillegg til det som er nemnt under punkt 2. ynskjer fylkeseldrerådet at følgjande kjem i tillegg:

- *Rådet kan ta opp sakar som gjeld eldre i fylket.*
- *Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd.*
- *Rådet kan samarbeide med andre organisasjonar.*

Under punkt 4 ynskjer Fylkeseldrerådet å leggje til ordet høveleg, slik:
Fylkesrådmannen sytar for høveleg sekretariat for rådet.

Fylkeseldrerådet ønskjer eit nytt punkt 5 slik:

5. Økonomi

Fylkeseldrerådet fylgjer dei generelle retningslinjer når det gjeld økonomi, som godtgjersle og reise- og opphaldsutgifter.

PS 23/14 Betaling for enkeltrom på Island

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet vedtek at tillegget for enkeltrom vert betalt av rådet sitt budsjett.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok at tillegget for enkeltrom vert betalt over rådet sitt budsjett.

PS 24/14 Tema eldrerådskonferanse 2014

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Fylkeseldrerådet kom med slike innspel til saka:

- Kontakte Anne Gine Hestetun frå Husbanken angående universell utforming.
- Ha eit tema rundt arbeidsoppgåver til rådet med bakgrunn i loven.

Vedtak

Fylkeseldrerådet tok saka til orientering.

PS 25/14 Evaluering av studieturen til Island og tanker om neste års Vestlandssamling

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok å sjå på moglegheiter for å ha neste års Vestlandssamling utanfor Bergen, til dømes i Ullensvang.

Fylkeseldrerådet er særns nøgd med studieturen til Island, både fagleg og kulturelt. Fylkeseldrerådet vart imponert av måta råda vert møtt på og gjestfriheita på Island.

Fylkeseldrerådet vedtok å godkjenne referatet frå Island slik det vart presentert i møtet, og tek eventuelle endringar frå dei andre fylka til orientering.

PS 26/14 Landskonferansen 2014 for fylkeseldreråd - evaluering

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet var nøgd med kulturelle innslag på høgt nivå under landskonferansen i Drammen 20.-22. mai. Konferansen var godt tilrettelagt, med interessante tema og eit innhaldsrikt program. I 2016 vert konferansen heldt i Rogaland.

PS 27/14 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014

Internett i fylkeshuset: Politikarane har nå fått brukarnamn og passord til tilsettenettet på fylkeshuset fordi det er mykje meir stabilt og ein slipp å logge seg inn på nytt til kvart møte. IT-service stilte på møtet for å gje dei medlemane i fylkeseldrerådet som ønskja det eit brukarnamn og passord.

Synfaring på Straume bu- og omsorgssenter: Jette Lunemann Hansen deltok på ein synfaring til Straume bu- og omsorgssenter i regi av eldrerådet i Bergen 17. juni. Der fekk ho høyre om planar framover, planlagt samarbeid med forretningar på Sartor senter for heimebuande som treng litt ekstra hjelp. Representantar frå eldreråd i Askøy, Bergen, Sund og Øygarden deltok på synfaringa.

Statens vegvesen – kurs for eldre fotgjengarar: Fylkeseldrerådet fekk ein førespurnad frå Statens vegvesen om å bidra til gjennomføring av kurs for eldre fotgjengarar.

Samling for eldreråda i Sunnhordland: Margot Bertheussen deltok på ein samling i Sunnhordland for dei 8 kommunale eldreråda der. Ein slik samling vert gjennomført kvart år, og i år vart det heldt på Sveio. Margot Bertheussen informerte dei kommunale råda om fylkeseldrerådet og fekk tilbakemelding om kva utfordringar og suksessar dei opplever.

Vedtak

Statens vegvesen – kurs for eldre fotgjengarar: Fylkeseldrerådet vedtok å melde tilbake at rådet er positiv til slike kurs, men ønskjer meir informasjon om kva rolle som er tiltenkt rådet og korleis det finansielle vert teken vare på.

Folkehelseplanen – vedteken: Folkehelseplanen er nå vedteken og rådet vedtok å få den tilsendt i papir.